



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref	Vår ref	Dato
15/5890-4	15/3785-3	10.09.2015

Svar på søknad om kompensasjon etter brann i Skatestraumstunnelen

Vi viser til dykkar brev av 24. august 2015, med søknad om økonomisk støtte etter brannen i Skatestraumstunnelen i sommar. Departementet har no behandla søknaden og vedteke å kompensere halvparten av dei ekstraordinære utgiftene fylkeskommunen hadde til reparasjonar og ekstraferje.

Departementet kan gje skjønsmidlar som ein delvis kompensasjon for fylkeskommunale utgifter knytte til handtering av den akutte krisesituasjonen og til reparasjon av fylkeskommunal infrastruktur ved naturskadar og andre ekstraordinære hendingar. Departementet tek utgangspunkt i at fylkeskommunane sjølve har eit ansvar for å handtere uventa utgifter. Fylkeskommunane må difor ta høgde for det i plan- og budsjettprosessane. Men utgiftene etter brannen i Skatestraumstunnelen er så store at departementet vil dekkje halvparten av dei ekstraordinære utgiftene.

Departementet har teke utgangspunkt i kostnadsoverslaget for reparasjon av skadane på 28,1 mill. kroner (ekskl. mva.), slik det går fram av statusnotatet frå Statens vegvesen av 7. august 2015. Kostnadene til oppgradering i samsvar med tunneltryggingsforskrifta er ikkje rekna med. Departementet har vidare lagt til grunn eit kostnadsoverslag på 4,695 mill. kroner (ekskl. mva.) for utgifter til ekstraferje, jf. e-post av 4. september. Departementet vil i dette tilfellet kompensere halvparten av dei ekstraordinære kostnadene, dvs. 16 397 500 kroner. Pengane vil bli utbetalt i oktober.

Følgjande vilkår gjeld for tildelinga:

- Utgiftene som blir dekte skal vere ekstraordinære fylkeskommunale utgifter, og ikkje utgifter til normalt vedlikehald.
- Utgiftene som blir dekte skal ikkje bli dekte på annan måte, gjennom forsikringar eller

- andre statlege etatar.
- For investeringar skal ein leggje til grunn ei tilbakeføring til opphavleg nivå, og ikkje ei standardheving.
 - Utgifter til førebyggjande tiltak skal ikkje takast med i berekningsgrunnlaget for kompensasjon.

Sidan skjønsmidlane blir betalt ut på grunnlag av eit kostnadsoverslag, må fylkeskommunen seinare kunne dokumentere at midlane er brukte i tråd med kriteria for tildeling. Fristen for rapportering til departementet er mai 2016.

Meirverdiavgifta skal trekkjast ut av berekningsgrunnlaget, sidan fylkeskommunen får kompensert for denne i eiga ordning. Dette må kome tydeleg fram av dokumentasjonen.

Viss midlane ikkje blir brukte, eller ikkje blir brukte til føremålet eller etter dei nemnde kriteria, må fylkeskommunen betale midlane tilbake til departementet.

Fylkeskommunen må rapportere til departementet så snart som mogleg viss delar av utgiftene seinare blir dekte av ansvarsforsikringa til køyretøyet. Departementet vil i så fall vurdere saka på nytt og kan krevje delar av kompensasjonen tilbake.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Lars Tore Rydland
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til:

Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	OSLO
Samferdselsdepartementet	Postboks 8010 Dep	0030	OSLO
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER